

PLATTFORM FOR SAMANSLÅING AV KOMMUNANE BALESTRAND, LEIKANGER OG SOGNDAL –

VIKTIGE MOMENT I AVTALEN FOR BALESTRAND

1. Sikra brei politisk representasjon i fellesnemnda. **Resultat:** Balestrand og Leikanger stiller med 5 medlemar kvar, Sogndal 9. Balestrand og Leikanger har fleirtalet i nemnda.
2. Sikra brei representasjon i kommunestyret både i høve politiske parti og geografisk.
Resultat: Kommunestyret skal ha 37 medlemar
3. Balestrand gjekk inn for at Leikanger skulle bli administrasjonsstad i den nye kommunen.
Resultat: Leikanger blir administrasjonsstad i kommunen. Politisk og administrativ leiing dvs ordførar, rådmann og kommunalsjefar blir lokalisert der.
4. Me beheld dei brukarnære tenestene. Lokalisering av desse tenestene blir ikkje endra som ei følgje av ei samanslåing av dei tre kommunane. Gjeld mellom anna helse- og omsorgstenester, barnehage, skule og kulturskule.
5. Husstandar, næringsliv og offentlege einingar skal ha tilgang til høghastigheit internett.
6. Balestrand skal **satsast på** som lokalsenter i den vestlege delen av den nye kommunen.
7. Fellesnemnda skal sikra at tal arbeidsplassar i kommunehuset i Balestrand minst blir oppretthalde på dagens nivå.
8. Det skal satsast på samferdsle:
 - 45-minuttars region
 - Sikker veg rundt Esefjorden – bruløysing/rassikring (ikkje gjort vedtak)
 - Styrking av kollektivtilbodet for busspendlarar
 - Styrking av ferjetilbodet
 - Sognabåten
 - På lengre sikt bru mellom Dragsvik og Hella
9. Avtalen anerkjenner Sygna vgs som ein ressurs i den nye kommunen.
10. Vidareutvikla satsinga på reiseliv i Balestrand og Balestrand som ressurscenter for reiselivssatsinga i den nye kommunen.
11. Det skal etablerast kompetanseslove i Balestrand for nyetableringar og felles kontorplassar for pendlarar.
12. Den nye kommunen skal ha som mål å syta for levande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår i heile kommunen.
13. **Det skal lagast ein forpliktande plan i første periode for å styrka og utvikla grendene i den nye kommunen.**
14. Det skal vera tilgang på tenlege bustader/tomter i heile kommunen.
15. Det blir ei satsing på kultur-, fritids- og aktivitetstilbod i den nye kommunen.
16. Det vil ikkje bli gjennomført oppseiingar som følgje av samanslåinga. Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Eit partsamansett utval skal sikre dei faglege rettane og utarbeida eit omstillingsdokument.